



Framover skal 3.trinn nytta lesetreningsprogrammet Relemo i leselekse. Elevane skal lesa på iPaden sin. Mange vil kjenna igjen programmet og opplegget ifrå 2.trinn.

Det er viktig at ein vaksen sit saman med barnet når det les, for å sikra nøyaktig lesing. Ved feillesing peikar den vaksne på ordet, slik at det vert lese rett før ein fortset i teksten. Det er viktig at eleven avpassar farten, slik at dei les nøyaktig. Dei må ikkje rase av garde og gjettelese.

1. Gå inn på nettlesar og skriv inn Relemo: <https://relemo.conexus.no/login/index.php>
2. Logg inn med Feide
3. Trykk på pila der det står «Repetert lesing bokmål» og vel «**Repetert lesing nynorsk**»
4. Trykk på ditt nivå, og deretter på «Tekst». Start med den øvste teksten som ikkje har grønt merke.
5. Still inn på 3 repetisjonar og 60 sekunder. Trykk neste.
6. Trykk på Start-knappen. Nedtelling frå 3 startar. Det er viktig at barnet begynner å lesa så fort teksten kjem til syne. Etter eit minutt vert skjermen raud, og ein fargeblyant vert «frigjort». Du/barnet markerer det siste ordet som vart lese ved å klikka på det. Gjenta to gonger til. Når siste gjennomlesing er ferdig kjem det fram ein graf som syner framgangen i lesinga.
7. Ta bilete av grafen og send den inn på Showbie.
8. Neste gong vel de ein ny tekst. Alle leste tekstar vert markert med grønt merke.

Det er ikkje sikkert at lesing på denne måten vil fungera for alle elevane. Ta kontakt om de har spørsmål eller opplever problem, så skal me nok finna utav det!

Lukke til!